



Sandabakkane står sentralt i drøftingane om sentrum i framtida

Planarbeidet med arealstrategi for sentrum vil vera eit prioritert tiltak. Det vert slege fast i handlingsplanen for 2014 som ikveld vert lagt fram for årsmøtet i Uskedal Utvikling. Det skal også motiverast til rydding i strandsona, langs hovudvegen og elva. Dette gjeld og vegetasjonspleie på offentleg areale.

Her er andre punkt henta frå handlingsplanen:

- * Halda fram med byggjesteg 1 i kjellaren på Gamleskulen. Strauminntak er lagt i jordkabel, ny hovudtavle vert montert og kjellaren er gjort klår for støyping av golv.
- * Halda fram drifta av Kafe Tiaren og føremiddagstreffet og stø opp om strikkekafeen.
- * Halda oppe og vidareutvikla drifta av uskedalen.no Nettsida skal friskast opp i år
- * Syna positiv merksemd og hjelpa til med næringsetablering.
- * Saman med grunneigarane sjå kva som kan gjerast for å rusta opp den gamle bygdevegen til Rød.
- * Halda fram arbeidet med veglys til gardsbarnehagen på Dønhaug
- * Auka medlemstalet til minst 100 og auka engasjementet frå lag, organisasjonar og bedrifter.
- * Leggja til rette for bygdeutvikling gjennom prosjektet Liv Og Lyst.
- * Nye datakurs kan verta vidareført i år men då med meir tilpassa tilbod.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen



Strikkekafeen er eit av tiltaka i Gamleskolen